



Protokoll frå styremøte i NGIR

Tid: 27.04.2015, kl 13.30 – 15.30

Stad: Lindåsvegen 1260

Frå styret møte:

Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Kari Torkildsen Utkilen, Kristin Handeland, Vigdis Sjøvik, Martin Soltveit (1. vara)

Frå representantskapet møte:

Ingen

Frå administrasjonen møte:

Erlend Kleiveland (dagleg leiar), Rune Ones (ref.)

Saksliste:

- Sak 01/15 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 02/15 Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Sak 03/15 Meldingar
 - a. Diverse munnleg orientering
 - b. Årsrapport frå AMU 2014
 - c. Avfallsmengder 2014
 - d. Sjukefråvær 2014
 - e. Inkluderande arbeidsliv (IA)
- Sak 04/15 Rekneskap 2014
- Sak 05/15 Årsmelding 2014
- Sak 06/15 Honorar til revisor for 2014

Sak 01/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Sak 02/15 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokoll frå styremøte 15.12.2014 vart godkjent og signert.

Sak 03/15 Meldingar

a) Diverse munnleg orientering

1) Strandryddedagen

NGIR har engasjert seg i "Strandryddedagen" som er 09.05.2015. Det er kome påmeldingar for strandryddeaksjonar frå alle NGIR-kommunane, bortsett frå Modalen.

Lag og organisasjonar tek seg av ryddinga, og NGIR tek kostnadane med henting og handsaming av avfallet.

Ryddinga er allereie i gang og NGIR har akseptert rydding også i vekene etter 09.05.

2) Prosjekt innsamling av klede

NGIR vil freista å gjennomføra eit forsøksprosjekt med kledeinnsamling til Fretex på renovasjonsrutene. Dette vil vera i form av innsamling i eigen sekk (som for plast) eller i pose. Forsøksprosjektet vil verta utført i eit avgrensa område, og det vil ikkje verta gjort for å konkurrera med kledeinnsamlarar som kundane vel sjølv, men for å vera eit alternativ til å kasta kleda i restavfallet. Fleire andre avfallsselskap har gjort tilsvarande forsøk med gode resultat.

3) Restavfallsanalysar

NGIR vil gjennomføra nye restavfallsanalysar. Desse vil omfatta analyse av restavfall frå innsamlingsrutene, og analyse av innhaldet i svarte restavfallssekkar frå gjenvinningsstasjonar.

4) Bergensavfall

Det kjem meldingar frå Mjåtveit gjenvinningsstasjon om aukande mengder avfall frå Åsane. NGIR vil gjera ei teljeundersøking ved Nordhordlandsbrua i mai for å freista å få oversikt over omfanget.

5) Avfallskonferansen

Dersom nokon i styret vil reisa på avfallskonferansen, som i år er på Romeriket (ved Gardermoen) den 9.-11. juni, må dei snarast melda av til administrasjonen.

6) Reguleringsplanarbeidet

Søknad om ny reguleringsplan er no til handsaming i Lindås kommune. Den vert truleg handsama i plan- og miljøkomiteen den 10. juni, for så å bli lagt ut på høyring i sommar.

7) Pengeplassering

Dagleg leiar vil koma attende til styret med ei sak om å fysisk setja av pengar til etterdrift på eigen konto/fond. Dette vil vera langsiktig plassering på minimum 20 år (så lenge deponiet er aktivt). Til no har etterdriftsfondet vore ein del av eigenkapitalen som ein har kunna nytta likviditetsmessig.

8) Miljørisikovurdering

Det er kome ny rettleiar for miljørisikovurdering i samband med m.a. resipientundersøkingar. Denne utløyste krav om miljørisikovurdering etter NGIR si resipientundersøking, då nokre verdiar (PCB og kvikksølv) var litt høge (sjølv om verdiane var dei same i 2008, i førre undersøking). Resultata frå risikovurderinga ligg no føre, og må sendast til Mattilsynet for vurdering. Mattilsynet vurder om dei evt. vil koma med kosthaldsråd for konsum av fiskelever frå Lurefjorden.

9) Status for nytt driftsløyve

NGIR søkte Fylkesmannen om nytt driftsløyve i fjor haust. Dette er no under handsaming, og det ser ut som NGIR får løyve til å driva dei aktivitetane som ein har i dag, og med dei mengder som ein søker om. NGIR sine ulike løyve har til no lagt i fleire dokument. Desse har vert no samla i eitt. Nytt løyvet er truleg klart 1. halvår.

Styret tok dei munnlege orienteringane til vitring.

b) Årsrapport frå AMU 2014

Skriftleg årsrapport frå AMU er framlagt for styret. Dette er ikkje gjort tidlegare, men vil årleg verta fast på sakslista.

c) Avfallsmengder 2014

Hushald

Mengda restavfall har auka med 2,3 % frå 2013 til 2014. Mengda restavfall frå gjenvinningsstasjonane viser ein liten auke. Mengda innsamla avfall på rydderutene auka med ca 100 tonn frå 2013 til 2014. Mengda avfall til gjenvinning har auka med 2,4 %. Gjenvinningsgraden er på 53,7 %.

Næring

Statistikken viser stor auke i skrapjern/metall og avfall til deponi. Restavfall har minka med ca 650 tonn, eller 7,8 %. Den største auken i levert avfall er inert avfall til deponi. Dette er hovudsakleg tørrstoff frå termisk reinsing av borekaks. Mengda trevyrke i konteinar og blanda avfall i konteinar er nesten halvert sidan toppen i 2011.

d) Sjukefråvær 2014

Sjukefråveret hjå menn i NGIR har siste år vore 3,2 %, mot 3,4 % siste 3 år.
Sjukefråveret hjå kvinner i NGIR har siste år vore 5,2 %, mot 3,3 % siste 3 år.
Sjukefråveret i NGIR totalt har siste år vore 3,9 %, mot 3,3 % siste 3 år.
Styret sa seg nøgd med den gode statistikken.

e) Inkluderande arbeidsliv (IA)

NGIR har vore IA-verksemd sidan 2003, og har no underteikna ny samarbeidsavtale for perioden 2014-2018. Dette inneber m.a. at NGIR må utarbeida eigne delmål og eigen handlingsplan. Arbeidsmiljøgruppa hjå NGIR har jobba med dette i vinter, og har kome med framlegg til AMU. Delmål og tiltak vart vedteke av AMU 23.03.15 og er lagt fram som skriftleg orientering til styret. Styret hadde ingen kommentarar til delmål og tiltak.

Styret tok dei skriftlege orienteringane til vitring.

Sak 04/15 Rekneskap 2014

Resultata (etter skatt) frå dei ulike områda er vist nedanfor:

Resultat 2014	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald	kr 592 242	-kr 1 835 000	kr 2 427 242
Verksemd	kr 5 330 350	kr 0	kr 5 330 350
Slam	-kr 160 736	-kr 386 000	kr 225 264
Bilvrak	kr 946 067	kr 0	kr 946 067
Totalt	kr 6 707 923	-kr 2 221 000	kr 8 928 923

Resultata frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad / netto anleggskostnad samt tomtekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivningar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2014 utgjer den 2,68 %. Sjå note 12 (til rekneskapen) for utrekning av alternativkostnad.

NGIR har i 2014 investert i varige driftsmidlar for 26,4 millionar kroner. Investeringane er spesifisert i note 3 til rekneskapen.

Langsiktig gjeld per 31.12.14 er kr 48 859 000, ein auke på kr 33 795 000 frå 2013. Grunna låneopptaket er eigenkapitalprosenten redusert frå 67 % til 54 %.

Resultatet i 2014 er noko betre enn aktiviteten skulle tilseia. Følgjande eingongseffektar har påverka resultatet:

- KLP har gjort ein planending der konsekvensane av nye uførepensjonsreglar og innarbeiding av levealdersjustering (for personar fødd i 1954 og seinare) er innarbeidd i kostnadene. Alle konsekvensar av denne planendinga er, i tråd med god rekneskapsskikk, kostnadsført i året endringa skjedde. Eingongseffekt kr 2 854 000 (før skatt, delvis skatteplikt).
- NGIR fekk refundert pengar for transport at bilvrak ut frå anlegget. NGIR har i nokre år betalt meir for dette enn det avtalen med Bilgjenvinning tilseier og NGIR krov difor attende pengane. Eingongseffekt kr 1 099 000 (før skatt, full skatteplikt).
- Det er ikkje kostnadsført avsetning til etterdrift som budsjettert, men det vert overført ein sum tilsvarande kalkulatoriske rentekostnader frå opparbeidd eigenkapital. Dette gjer at NGIR oppfyller "Veileder for berekning av kommunale avfallgebyr" utan at hushaldskundane vert belasta meir enn naudsynt over renovasjonsgebyret. Eingongseffekt kr 500 000 (ikkje skattepliktig).

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

	Disponering:	Sum etter disp.
Bruk av utjamningsfond hushald	-569 925	5 801 936
Bruk av utjamningsfond slam	-109 256	2 706 924
Avsetning til etterdriftsfond	7 387 104	21 446 486
Sum disponering	6 707 923	

Eit beløp tilsvarande kalkulatorisk rentekostnad (kr 1 047 561) vert overført frå opparbeidd eigenkapital til etterdriftsfond.

Tidlegare års avsetning til etterdrift gjort under resultatdisponering vert overført frå langsiktig gjeld til eigenkapital (kr 3 500 000).

Tidlegare års avsetning til sorterings-/omlastingshall vert overført til opparbeidd eigenkapital, då hallen no er teke i bruk (kr 12 000 000).

Vedtak i styret 27.04.15:

Styret rår til at representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

	Disponering:	Sum etter disp.
Bruk av utjamningsfond hushald	-569 925	5 801 936
Bruk av utjamningsfond slam	-109 256	2 706 924
Avsetning til etterdriftsfond	7 387 104	21 446 486
Sum disponering	6 707 923	

Eit beløp tilsvarande kalkulatorisk rentekostnad (Kr 1 047 561) vert overført frå opparbeidd eigenkapital til etterdriftsfond.

Tidlegare års avsetning til etterdrift gjort under resultatdisponering vert overført frå langsiktig gjeld til eigenkapital (kr 3 500 000).

Tidlegare års avsetning til sorterings-/omlastingshall vert overført til opparbeidd eigenkapital, då hallen no er teke i bruk (kr 12 000 000).

Sak 05/15 Årsmelding 2014

Utkast til årsmelding vart handsama av styret. Nokre få mindre kommentarar vert innarbeidd i den endelege versjonen som går til representantskapet.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2014 fram for representantskapet for godkjenning.

Vedtak i styret 27.04.15:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2014 fram for representantskapet for godkjenning.

Sak 06/15 Honorar til revisor 2014

Nordhordland Revisjonsdistrikt har utført revisjon av føreliggjande forvaltnings- og rekneskapsdokumentasjon for NGIR. Kostnaden for 2014 er sett til kr 43 000.

Budsjetterte kostnader for 2014 var kr 45 000.

Kostnaden for 2013 var kr 43 000.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 43 000.

Vedtak i styret 27.04.15:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 43 000.

Kjevikkdalen, 27.04.2015

Helge Fjellanger
-styreleiar-

Ottar Skjelvik
-styremedlem-

Kristin Handeland
-styremedlem-

Kari Torkildsen Utkilen
-styremedlem-

Vigdis Sjøvik
-styremedlem-